

Innspel til strategiplan for UKM Sogn og Fjordane

Laurdag 12. Desember 2015 var ungdomspolitisk utval og rådgjevar i kulturavdelinga Eva Kristin Svidal og Jenny Holsæter i frå ungdommens ressursgruppe i dialog for å komme med innspel til strategiplanen for UKM Sogn og Fjordane 2016-2019.

Me i ungdomspolitisk utval stiller oss positiv til endringane som vert gjort rundt UKM. Endringane som er vorte gjort i frå ei mørnstring til ein møtestad, meiner vi er positivt for utviklinga av kultur og samhald i fylket. At UKM satsar meir på å bli eit lågterskeltilbod ser me også på som svært positivt. Me meiner også at ung til ung-formidling er viktig for at eit lågterskeltilbod skal bli haldt.

For ungdomspolitisk utval er det viktig for at dei lokale festivalane vert heldt så lokalt som mogleg, for å bevare lågterskeltilboden. Vi ser det som uheldig om det vert store og få festivalar, då det skal vere ein kulturell møteplass og ikkje ein konkurranse. For oss er det naudsynt at det vert forankra lokalt, med tanke på kommunereforma som vert utarbeidd i desse dagar.

Ungdommens ressursgruppe på regionalt plan ser me i ungdomspolitisk utval som særskilt viktig for å skape betre ungdomsmedverknad og inkludering i fylket. Me ser på URG som ein viktig møtestad for ungdomar, der dei kan møtast å utvikle erfaringar for å få enda betre kompetanse rundt UKM. I tillegg er dette viktig for UKM Sogn og Fjordane sitt arbeid rundt arrangementet for å få innspel til vidare arbeid. Vi i ungdomspolitisk utval vil vere med å bistå i arbeidet med å etablera kontakt med ungdomsråd i fylket.

Med helsing
ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane